


Samanstilling av merknader

For reguleringsplanen «Tuddal Alpin»

Dokumentinformasjon

PlanID:	3819
Prosjektnr:	0076
Utgave / dato:	01 / 24.09.2021
Utarbeidet av:	Sille Kristiansen
Medvirket:	Per Helge Ollestad, Nina Nguyen og Andre Andersen

Høringspart	Merknad	Oppfølging
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), dato 14.10.2022	DSB sender automatisk ut dette generelle svaret på slike saker. Det er Statsforvalteren som skal følge opp at hensynet til samfunnssikkerhet er ivaretatt i plansaker. Statsforvalteren har også et ansvar for samordning av statlige innsigelser til kommunale planer. DSB har innsigelseskompetanse etter plan- og bygningsloven i plansaker som berører følgende områder: • Virksomheter som håndterer farlige stoffer herunder storulykkevirksomheter • Transport av farlig gods • Brannsikkerhet herunder tuneller og underjordiske anlegg • Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistriktene) Siden Statsforvalteren har et overordnet ansvar for å følge opp samfunnssikkerhet i planer, vil også disse områdene kunne inngå som en del av Statsforvalterens oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvalteren og vil gi faglig innspill til Statsforvalteren dersom det er nødvendig.	Planområdet berøre ikkje verksemder som handterer farlege stoff, storulykkesverksemder, transport av farleg gods, underjordiske anlegg eller tilfluktsrom. Planområdet planlegges med kulvertar for veg og over elveløp.
Tuddal Håndlaft & Hyttebygg Grunneiere: - Ole Ø. Grøgård 93/2 - Nina Rui 94/5 - Hans Hovde 95/7 - Torkjell Hovde 95/1 - Vidar H. Olsen	Merknad til igangsetting med arbeid av detalj regulering Tuddal Alpin. Planid 391920220003. Etter møte 13.11.22 blant grunneigere langs Hovdevegen ang. Utbygging av alpinanlegg og privat veg var det stor enighet om at vegen ikkje kunne bli stengt av kryssande ski/alpinløype. Hovdemark vegen blir jevnlig bruka av grunneigere både sommer og vinter, så dette må tas hensyn til, og finne løsning på.	Det er lagt inn løysing med bru/tunnel for Hovdevegen for å sikre framkomme både sommar og vinter.

- Liv Marit G.Smylingsås 95/6 - For Geirmund Rui 94/15 Hallgeir Olsen (formann i Hovdemark vegen)		
Torunn Hovde Kaasa, dato 07.11.2022	Foreløpige synspunkt som eg bed det blir tatt omsyn til: 1. Eg eig 94/22, og ønskjer ikkje å detaljregulere området i denne omgang. Eg vil vurdere det seinare på eige initiativ. 2. Delar av den nye vegen som går mellom Kålidalsvegen og Løkjestul går over 94/22. Vegen er framleis ikkje bygd i tråd med krav, uavhengig rapport syner store manglar. Eg bed om at rekkjefølgekrav blir lagt til grunn, slik at vegen blir bygd i tråd med krav sett av veglaget, før hytter/hotell blir bygd. Veglaget har den uavhengige rapporten. Den kan sendast kommunen.	1. Det er inngått ny avtale med grunneigare om desse areala, slik at dei er tekne med i planen. 2. Regulerte vegar skal byggjast i samsvar til ny reguleringsplan. Eksisterande veger utanfor planområdet vil bli oppgradert som del av jordskiftedommen og innbetaling av andel for veg. Ansvaret for utbetring ligger utanfor denne planen.
Mattilsynet, dato 08.11.2022	Mattilsynet forutsetter at alle bygninger kobles til Russmarken VA, og at det samarbeides med vannverket slik at distribusjonssystemet blir riktig dimensjonert. Reguleringsplan må inneha en VA plan som viser hvordan trygt og tilstrekkelig mengde drikkevann sikres. Mattilsynet er ikke kjent med om det er drikkevannskilder i området, eventuelle drikkevannskilder må kartlegges og tas hensyn til for å hindre forurensing. For fiskehelse/fiskevelferd er det viktig at det iverksettes tiltak som sikrer at det ikke blir direkte avrenning til vassdrag som forringer vannmiljøet. Lov om plantehelse stiller krav om at det må tas hensyn til plantehelse og spredning av planteskadegjørere. Dette særlig i forbindelse med anleggsarbeid og flytting anleggsmaskiner til Tuddal. Vi ber om å bli orientert i det videre planarbeidet.	Vassforsyning for utbyggingsområdet vil tilkoplast Russmarken VA. Det blir eigen VA-plan vedlagd som beskriv dessa forholda. Det er ikkje registrert drikkevannsbrønnar i området i Granada, nasjonal grunnvassdatabase. Det er ikkje registrert fisk i vassdraget gjennom planområdet. Det vil sikrast at det ikkje blir direkte avrenning til vassdraget i samband med anleggsverksemd eller etterpå.

		Det vil bli utarbeidd ein eigen massehandteringsplan i samband med byggjearbeida som stiller krav til handtering av massar og maskiner for å unngå spreiing av uønskte plantar.
Liv Marit og Hans Smylingsås (95/6), dato 18.11.2022	Merknad til igangsetting detaljregulering Tuddal Alpin Har eit spørsmål til dette, kva når alle hyttene og hotell blir bygd, kor blir friområde for desse? Etter erfaring generelt så blir det vi som ikkje har bygd ned eigedomen med fritidsbustader som får den ulempa. Skal vi fortsette å stille med friområde og i tillegg gratis? I tillegg så går dette utover dyre/fuglelivet, får aldri fred. Det går utover våre jaktmuligheter, som elgjakta, som fører til verditap på vår eigedom når jakta blir ødelagt. Fører også til slitasje på natur. Det blir ikkje laga meir natur!	Merknad imøtekommast med forståing for uttalt bekymring og alle aspektar vil bli nøye vurdert. Dette blir vareteke både gjennom utført ROS-analyse «10_3819_ROS-analyse», konsekvensutgreiing, samt motteken fagrapport; «07_3819_Fagrapport_naturmangfald_Tuddal», i regi av gjeldsande lovverk for ein slik reguleringsprosess. Gjeldende lovverks hensikt er blant annet å sikre ivaretakelse av de bekymringer det er gitt uttrykk for.
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark, dato 22.11.2022	Det går fram av dokumentet Planinitiativ at konsulenten har gjort seg kjend i området og merka seg at området inneheld både myr og fastmark, i tillegg til elva Hovdeåi som renn gjennom planområdet. Miljødirektoratet har gjort nyare kartlegging av naturmangfald i den delen av planområdet som ligg vest for Hovdeåi. Kartlegginga vart gjort sommaren 2021 etter metoden Natur i Noreg (NiN) som no er den offisielle metoden for naturkartlegging. Det er i dette arbeidet registrert vesentlege areal av naturtypen Gamal granskog med gamle trær. Innanfor naturtypen er det registrert 2 artar med status nær truet i Norsk raudliste for artar. Området sitt naturmangfald er klassifisert til Stort og lokalitetskvaliteten til Svært høg kvalitet. Lokaliteten er vurdert å ha Sentral økosystemfunksjon.	Det er utført eigen arkeologisk registrering: 06_3819_Rapport_arkeologisk_registrering. Områder med myr eller annan verdifull vegetasjon er anten regulert til naturområde eller har fått eiga omsynssone for naturmiljø. Det er vist område med samanhengande grøntstruktur gjennom hele planområde for å sikre områder for vilt.

	Ein naturtype med desse kvalitetane ser Klima- og miljødepartementet på som naturverdiar av nasjonal verdi. På dette grunnlaget ber vi om at lokaliteten blir take særskild omsyn til i planlegginga. Dette gjeld både område for turistføremål og for hyttebygging. Kartlaget som syner resultatet av NiN-kartlegginga i 2021 er tilgjengeleg på Miljødirektoratets kartportal Naturbase. Det går fram av Naturbase at området aust og sør for elva Hovdeåi ikkje er kartlagd. Vi vil markere at slik kartlegging må gjerast som ledd i dette planarbeidet, etter NiNmetoden. Innanfor spesielle naturtypar er det òg naudsynt å undersøkje artsmangfaldet. Temakart frå instituttet NIBIO syner til dømes at òg dette området inneheld barskog med til dels høg alder, i nokre delområde er skogens alder over 140 år. Planområdet inneheld ein vesentleg del myr. Vi kan opplyse at enkelte myrer i kommunen har vært nytta til slått for berging av fôr til husdyr. Slike slåttemyrer har stor verdi for naturmangfaldet og har status som utvalde naturtypar etter forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. For slike naturtypar skal det etter lova visast ekstra stor aktsemd. Vi kjem attende til myrenes verdi i høve til klimaspørsmål under pkt. 3.3 nedanfor. Ettersom vedtekne planar i denne delen av Tuddal inneheld mange noverande og framtidige hytteområde, ber vi om at utgreiinga av naturmangfaldet òg vurderer trongen for trekk-korridor spesielt for hjortevilt som elg m.fl. 3.3 Klimatilpassing Vi gjer merksam på at Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing skal leggast til	For å omsyn klima vil alle myrområder innanfor planen bevarast. Vi planlegger nokre få kryssingar av myr, men desse vil utførast for å sikre integriteten til myra. Det er ikkje planlagt busetnad i 50-meters beltet fra Hovdeåi. I stor grad vil dette området halde fram med å vere urørt. Spesielt myrområdet i øvre del av Hovdeåi kan vere uteatt for flaum. Det vil ikkje regulerast for kraftstasjon eller turbinleidning i denne omgang. ROS-analyse er vedlagt plankartet. Det vil søkjast å bevare så mykje skog som mogleg i område som ikkje direkte blir ramma av utbygging av hytter eller alpinanlegg. Dei deler av området med produktiv skog vil omsynsstas Vi vil følgje Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, og basere vurderingar på høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar.

	grunn for planlegging og sakshandsaming etter pbl. Når konsekvensane av klimaendringar blir vurdert, skal høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar leggast til grunn. Publikasjonen Klimaprofil Telemark (2017) frå Norsk klimaservicesenter vil vere ein viktig del av kunnskapskapsgrunnlaget Vi har merka oss at konsulenten i dokumentet Planinitiativ er medviten om nasjonale mål om å unngå bygging på myr, slik dette er skildra i mellom anna i dei statlege planretningslinene. Bakgrunnen for dette er som kjend at myr har evne til å magasinere store, intense nedbørmengder. Det er òg slik at det ved graving eller oppfylling på myr blir det sleppt ut klimagassar, som myra i stor grad konserverer når ho får ligge i fred Så minner vi om at utbygging av vegar og bygningar, samt avskoging for å bygge nye skibakkar, i utgangspunktet vil føre til auka intensitet i avrenning av overflatevatn frå dei ulike delområda. Dette stiller krav om å dryge vatnet slik at flaumvatn under slike periodar ikkje fører til skade på bygg, vegar, jordbruksareal, nedgravde kablar eller annan infrastruktur. For ekstreme regnvêr er det naudsynt å planlegge sikre flaumvegar for å unngå slike skader.	Klimaprofil Telemark (2017) vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag. Vi merkar oss også kravet om å unngå bygging på myr for å redusere klimagassutslepp og sikre magasineringsevner. Vidare vil vi planlegge tiltak som dryger vatnet og sikrar trygge flaumvegar for å unngå skadar på infrastruktur.
	3.4 Påverknad på vassførekomstar Under avsnittet om klimatilpassing peika vi på faren for auka avrenningsintensitet etter utbygging. Dette vil her raskt råke vassførekomsten Hovdeåi (eller Hovda). Denne elva er del av eit omfattande bekkefelt - Hovdeåi bekkefelt - som renn til hovudelva gjennom Tuddal som er kalla Skogsåi nærare Sauland. Det går fram av kartportalen Vann-nett at bekkefeltet ikkje er omfatta av vasskraftutbygging og har god økologisk tilstand. Det faglege grunnlaget for klassifiseringa av tilstanden er noko svakt NVEs kart for aktsemdområde for flaum syner at elva gjennom planområdet har potensiale til å gå over sine bredder, og at vasstanden kan auke med inntil 3-4 meter. Vi gjer merksam på at dette syner ei førebels prognose, og det ved utbygging er naudsynt å gjere meir detaljerte vurderingar Vi minner om at forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforkriften) ikkje tillèt at miljøtilstanden blir redusert, kfr. forskriftas § 4 Miljømål for overflatevatn. Handsaming av avlaup frå kloakk og gråvatn er styrt av føresegnene i forureiningsforskrifta, kfr. kapitla 12 – 14. Vi minner om at det kommunale reinseanlegget	Vi vil følgje opp merknadene knytt til påverknad på vassførekomstar. Det vil bli gjort meir detaljerte vurderingar av flaumrisiko for Hovdeåi, i tråd med NVEs prognosar. Miljøtilstanden i vassførekomsten skal ikkje forverrast, i samsvar med krava i vassforskrifta. Avlaupshandsaming vil følgje reglane i forureiningsforskrifta, og kapasitetsutfordringar ved reinseanlegget vil bli vurderte vidare. Når det gjeld etablering av eit lite vasskraftverk, vil vi følgje krava om konsesjonshandsaming i tråd med gjeldande lovverk.

	Russmarken førebels har ei svært avgrensa kvote for nye påslepp. Dette kan ikkje dekke ei full utbygging, noko kommunen har opplyst i oppstartsmøtet den 29.06. i år Det går fram av dei tilsendte dokumenta at utbyggar vurderer å etablere eit lite vasskraftverk innanfor planområdet. Slik vi ser det er det ikkje noko i vegen for at reguleringsplanen kan foreslå område for fysiske tiltak som inntaksanordning, kraftstasjon, turbinleidning osb. Vi vil likevel understreke at særskild konsesjonshandsaming etter vassressurslova hjå NVE eller plan- og bygningslova hjå kommunen - avhengig av storleik m.m. - vil bli ein heilt avgjerande prosess i ei slik sak. 3.5 ROS-analyse Vi viser her til kravet om ROS-analyse som er nedfelt i pbl. § 4-3. Analysen skal drøfte alle risikomoment som kan verke inn på om området er skikka til utbygging, og eventuelle endringar i slike tilhøve som resultat av utbygginga. Vi rår til at metodikken i DSBs rettleiar Samfunnstryggleik i kommunanes arealplanlegging blir lagt til grunn. Dei temaa som er nemnde dokumentet Planinitiativ under overskrifta Samfunnssikkerhet er eit godt utgangspunkt for ein god ROS-analyse. Vi saknar faremoment som utbygginga sjølv fører med seg under vanleg drift, så som ulykker knytt til alpinbakkar -heisar, utforbakkar for sykkel eller andre aktivitetar. Analysen bør som eit minimum innehalde konkrete vurderingar av faremomenta, og kva for opplysningar og kjelder som ligg til grunn for vurderingane, samt verknaden frå mildnande tiltak 3.6 Landbruk I høve til skogbruk og virkesproduksjon er skogen i planområdet i hovudsak uproduktiv med unntak av nokre teigar med produktiv skog i sør. Skogen i dei øvre høgdelaga er med heimel i skogbrukslova sett av til «vernskog» som skal skjerme lokalklimaet i høve til vind og kulde. Dette gjelder ei sone på om lag 2 – 300 meter heilt nord i planområdet. I drøfting mellom vår landbruksavdeling og miljøavdeling har vi kome til at slik vernskog i utgangspunktet er arealinteresser av regional – nasjonal verdi. Det kviler dermed på grunneigar/utbyggar å vere svært varsam med hogst i slike område. Det er fastsett ei eiga regional forskrift om vernskog, og vi rår til å ha kontakt med kommunens landbrukskontor om tiltak i denne sona.	Det er utarbeidd ein ROS-analyse i samsvar med krava i pbl. § 4-3. Se vedlagt 10_3819_ROS-analuse. Analysen byggjer på metodikken frå DSBs rettleiar *Samfunnstryggleik i kommunanes arealplanlegging* og omfattar alle relevante risikomoment Vi har teke omsyn til skogen i planområdet, og det er etablert rutinar for å følgje regional forskrift om vernskog. Hogst i vernskogen vil bli nøye

	Sør i planområdet ligg det om lag 17 daa jordbruksareal ifølge NIBIO sitt temakart AR5. Dette er 6 dekar fulldyrka jord og 11 dekar overflatedyrka jord. Vi er medviten om at kommuneplanens arealdel har avsett dette til byggeføremål i form av turistanlegg. Likevel utfordrar vi utbyggar til å vurdere om byggetiltak her kan avgrensast og den dyrka marka kan spele ei rolle i skianlegget utan tyngre fysiske inngrep. Saman med bygningane på dette eldre tunet, kan kanskje dette opne arealet spele ei positiv rolle.	vurdert i samråd med kommunen sitt landbrukskontor. Når det gjeld jordbruksarealet sør i planområdet, vil vi undersøkje moglegheitene for å avgrense byggetiltak og vurdere korleis den dyrka marka kan nyttast utan omfattande fysiske inngrep, slik at den kan spele ei positiv rolle i skianlegget.
	3.7 Landskap Kvaliteten i landskapet og opplevinga av dette er utan tvil ein vesentleg ressurs for Tuddal som turistmål og område for fritidsbustader og hotell. Vi rår til at planarbeidet legg stor vekt på omsynet til landskapsverdiane. Verknaden av skiløyper, bygg, heisar, vegar og annan infrastruktur bør visast gjennom tredimensjonale presentasjonar og skisser. Samstundes minner vi om at dette temaet har fått stor merksemd ved siste store revisjon av planog bygningslova, kfr. § 3-1 pkt. b). Dette har samanheng med at Noreg har slutta seg til den europeiske landskapskonvensjonen for å styrke vern, forvaltning og planlegging på dette området	Skiløyper, bygg, heisar, vegar og annan infrastruktur er representert i tredimensjonale presentasjonar og vedlagte illustrasjonar i den utarbeidde planen. Dette er gjort for å tydelig vise verknaden på landskapet. Planen er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 3-1 pkt. b), og det er lagt stor vekt på å ivareta landskapsverdiane, som er ein vesentleg ressurs for Tuddal som turistmål.
	3.8 Friluftsliv Slik som for landskapskvaliteten er omsynet til friluftsliv, løyper og oppleving av natur ein avgjerande viktig kvalitet for reiselivet i Tuddal. Dette omsynet bør få stor innverknad på planlegginga i dette området, både med tanke på å sikre verdifulle areal og innpasse stiar og løyper i og gjennom planområdet.	Planlagte hyttefeltet ligger i nærheten av flere

	3.9 Andre omsyn Omsynet til universell utforming er forankra i § 3-1 i pbl. Det same omsynet er take inn i diskrimineringslovas kapittel 3. Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK) har konkrete krav om areal og anlegg som skal kunne brukast av alle. Når det gjeld omsyn til barn og unge, viser vi til uttale frå Vestfold og Telemark fylkeskommune	turistattraksjoner, inkludert alpinanlegg og Gaustatoppen. Det blir lagt til rette for leikeområde for barn, både i form av vanlege leikeplassar og friluftsområde. Vi følgjer forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK) når det gjeld universell utforming av areal og anlegg, i samsvar med pbl. § 3-1 og diskrimineringslova kapittel 3. Det er ikkje stilt spesifikke krav om universell utforming som sikrar full tilgjengelegheit for bevegelseshemma til hyttene, vegane og fellesområda, men vi vil oppfylle alle relevante krav i TEK for å sikre god tilrettelegging der det er påkravd. Omsynet til barn og unge er òg vurdert i samsvar med Vestfold og Telemark fylkeskommune si uttale.
Vestfold og Telemark fylkeskommune, dato 18.11.2022	Omsynet til born og unge er sterkt forankra i lovverket og nasjonale retningsliner, jf. plan- og bygningslova §§ 1-1, 3-1, RPR- barn og unge pkt. 4 og 5 samt forvaltningslova § 17. Sjølv om det ikkje er krav til leikeplassar i samband med hytteutbygging, bør interessene til born og unge bli greidde ut. Når det blir lagt opp til tett utbygging er det svært viktig at det blir lagt til rette for gode fellesareal for opphald, møteplassar og areal for leik og utfolding. Det vidare planarbeidet må legga særleg vekt på trafikksikre løysingar, og gode gong- og sykkelløysingar. Fylkeskommunen minner om at barnerepresentanten skal involverast i saker om born og unges interesser i planlegginga, og bli framlagt fylkeskommunen sin uttale.	Det er planlagt gang- og sykkelvegar frå parkeringsplassen vest i planområdet til skiområde, kafé og resten av fellesområda, samt bevaring av eksisterande stiar for å sikre trygg framkome. To område er avsett til leikeplassar for born, slik at det blir lagt til rette for leik, opphald og sosiale møteplassar. Trafikksikre løysingar er prioritert, og barnerepresentanten vil bli involvert i tråd med

		nasjonale retningsliner og plan- og bygningslova.
	Det kjem fram av planvarselet at planområdet inneheld forslag om omdisponering av om lag 17 dekar dyrka mark sør i planområdet. Dyrka mark av god kvalitet er ein nasjonalt viktig ressurs som kommunen må ivareta dersom vi skal nå dei nasjonale og regionale jordvernmåla. Fokuset på jordvern har dei siste åra blitt strengare. Vi ber om at minst mogeleg dyrka/dyrkbar mark tas. Vi forutsett at det føreligg ein landbruksfagleg vurdering frå lokal landbruksmyndigheit ved offentleg ettersyn, og ein vurdering av om det anbefalast å omdisponere den dyrka marka i planområdet. Dersom det leggast til rette for omdisponering av dyrka/dyrkbar mark i planområdet, skal det utarbeidast ein matjordplan. Denne skal følgje saka når den kommer til offentleg ettersyn, og sikrast i reguleringsføresegna	Område med dyrkbar mark ivaretas, og områdene med dyrkbar mark vil kun kotendres. Det er utarbeidet en naturtypekartleggingsrapport frå Ecofact.
	I planinitiativet opplysast det at det skal planleggast for bygging av alpindestinasjon med skianlegg, hytter, leilegheiter og hotell. Det skal leggast til rette for aktivitetar både sommar og vinter. Planområdet har betydelege utbyggingsområde og planen har såleis etter vår vurdering potensiale for å skapa mykje trafikk. Med bakgrunn i dette må det utarbeidast ei trafikkvurdering som syner kor stor trafikkmengd som skapast og fordelinga på dei to kryssa mot fylkesvegen. Trafikkvurderinga må leggje full utbygging av planforslaget til grunn. Det må gjerast ei vurdering av kryssa mot fylkesveg 3430, Tuddalsvegen i forhold til krav i gjeldande vegnormalar i Handbok N100, veg- og gateutforming og Handbok V121, geometrisk utforming av veg- og gatekryss og nødvendige tiltak innarbeidast i plankartet. Planavgrensinga bør utvidast slik at kryssa med fri siktsone mot fylkesvegen blir ein del av planen, og eventuelle nødvendige tiltak må sikrast gjennomført med rekkjefylgjekrav i reguleringsføresegnene.	Trafikkvurderingen er utført i planbeskrivelsen, se vedlagt for mer detaljert beskrivelse.
	I planinitiativet er det peika på Flugonvegen som ein av tilkomstane til planområdet. Det er for nokre sia bygd ny tilkomstveg til Flugonfjell med kryss frå fylkesvegen ca 170 meter lengre sør. Vi legg til grunn at den nye vegen og krysset nyttast som tilkomst til det nye planområdet	

	også i staden for Flugonvegen. For alle tiltak på og langs fylkesveg må det i reguleringsføresegnene settast krav til at detaljerte byggjeplanar skal vere godkjend av fylkeskommunen før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaka.	
	Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane vektlegg arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, inkludert utslepp frå arealbruksendringar, meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging, jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023. Fylkeskommunen vil tilrå at klimagassreduksjon og klimatilpassing tas inn som eigne vurderingstema i den varsla detaljreguleringa av Tuddal alpin.	Det vil leggjast til rette solfangarar og solpanel. Dette er i tillegg til bruk av straum og vedfyring som energikjelder. Det vil etableres elbil-ladere ved både hotell og parkeringsplasser
	Med heimel i Plan- og bygningslovens (pbl.) § 12-7, kan kommunen fastsetje «reguleringsføresegner til arealformål og omsynssoner i reguleringsplanar». Vi viser til gjeldande regional klimaplan for Telemark (RKPT) (2019-2026), og oppmodar kommunen som planmyndigheit til å vektleggje følgande løysingar for klimavenlege bygg- og anlegg: • Stille krav til klimavenlege bygg- og anlegg med lågt klimagassutslepp. Det inneber energieffektive bygg- og anlegg laga av materialar med låg miljøbelastning basert på livsløpsvurderinga av produktet (tre som bygningsmateriale bør vurderast) og dessutan tilrettelegging for fornybare energiløysingar (som solenergi), sjå pbl. § 12-7 punkt 1, jf. nr. 3.	For å forhindre unødvendige terrenginngrep vil utbyggingen ikke medføre synlige fjellskjæringer, både i hytteområdet og i alpintraseen.
	• Stille krav til tilrettelegging for forsyning av vatnboren varme, sjå pbl. § 12-7 punkt 8. • Stille krav til etablering av ladepunkt for elbilar. sjå pbl. § 12-7 nr. 2, jf. nr. 4 og nr. 7. • Setje krav til maks tal på parkeringsplassar, pbl. § 12-7 punkt 7.	Det blir ingen synlige fjell skjæringer i forbindelse med vei bygging Heller ingen synlige fjell skjæringer i alpin trase
	• Stille krav om fossilfrie, utsleppsfrie og avfallsfrie bygg- og anleggsplassar. Vi minner om at det gjennom RKPT er vedteke at klimatilpassing skal inn i alle kommunale planar. Det viktig å bruke oppdaterte farekart og ROS-analysar for å unngå negative konsekvensar av klimaendringar, som flaum, ras og skred. Det er avgjerande at det innarbeidast krav til handtering av alt vatn i reguleringsplanen, inkludert overvatn. Det er tilrådd å fordryge og handtere overvatn lokalt i tråd med tretrinnsprinsippet: 1. Fang opp , reins og infiltrer; 2. Forseink og fordryg; 3. Sikre	Hytter og hotell blir bygde med landskapet. Utforming og fasade tilpassa landskap og terreng

	tyggje flaumvegar. Dette kan ein oppnå ved å etablere blågrøn struktur med naturlege fordrøyningssystem. I varselet kjem det fram at det er store område med myr i planområdet. Å byggje ut over store myrområde er i strid med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019) og føringane i regional planstrategi (2020-2024). Vi minner også om at det i Hjartdal kommunes eigen kommuneplan (2017-2027) er presisert at «utbygging av både hyttefelt og bustader skal skje på ein miljøvenlege måte». Varetaking av myrområde er eit tiltak som kan dempe effektane av klimaendringar sidan dei er karbonrike og førebyggjar mot flaum. Derfor er myr svært viktig å vareta i arealplanlegging. Sidan det er mykje myr både i og rundt planområdet, ber vi derfor fylkeskommunen om at konsekvensen for myr blir nøye vurdert i konsekvensutgreiinga og omsynet til varetaking av myr blir beskriven i planomtala. Her bør blant anna konkrete tiltak for å unngå nedbygging og drenering av myr verte omtala. Til dømes å unngå bygging av nye vegar, hytter og skianlegg på myrområde. Ved manglande omsyn til bevaring av myrområde må fylkeskommunen måtte vurdere å fremje saka for politisk handsaming med innstilling om motsegn. Vestfold og Telemark fylkeskommune har ikkje kunnskap om tidlegare registrerte, AFK i planområdet. Kunnskapen vår om kulturminne i nærområdet, og dessutan ei vurdering av landskap og terreng, tilseier likevel at slike kan vere bevart i området. I samsvar med kulturminnelova (kulml) § 9 må vi difor utføre ei arkeologisk registrering før vi kan gje endeleg fråsegn til planforslaget. Registreringa gjennomførast ved overflateregistrering, prøvestikk med spade og maskinell sjakting ved hjelp av gravemaskin på utvalde stadar i planområdet, det vil seie i på dyrka mark/beiteområda. For sikre ein god planprosess, er det er det ein fordel at registrering av AFK vert gjennomført allereie på varselstadiet. Arkeologisk registrering kan berre utførast på bar og frostfri mark, og den arkeologiske feltsesongen er normalt frå midten av april til november. Siste frist for bestilling av registrering er 15. august dersom dei skal gjennomførast same sesong. Sidan vinteren no har kome, kan registreringa først finne stad til våren/sommaren (jf. kulml § 9 andre ledd). Kostnader til arkeologiske undersøkingar og bestilling av arkeologisk registrering Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta for offentlege og større private tiltak og til § 10 om at	Det bygges ikkje på områder som består av myr. Vegen som krysser myr vil bygges på en slik måte at det ikkje påvirker myrens egenskaper. Ved å bygge veien på trestokker overbygd av duk, nett og stein vil veibyggingen føre til drenering av myra.

	utgifter til særskild gransking må dekkast av tiltakshavar. Sjå vedlagde budsjett og vilkår for undersøkinga. Registreringane er heimla i kulml § 9, og er ikkje å rekne som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det betyr at kostnadsoverslaget ikkje kan påklagast, men planstyresmakt/tiltakshavar har høve til å be Riksantikvaren vurdere om overslaget er rimeleg. Vi ber om at vedlagde skjema vert fylt ut, og at begge sider vert sende attende til oss for bestilling av den arkeologiske registreringa. Vi gjer òg merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Vestfold og Telemark fylkeskommune er rette mottakar for ei eventuell melding. Vi tilrår at meldeplikta vert innarbeidd i fellesføresegnene til reguleringsplanen, og at følgjande tekst vert brukt: Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Vestfold og Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Kulturminnestyresmakta avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd) Ettersom Noreg har slutta seg til den Europeiske landskapskonvensjonen har vi plikt til å fremme vern, forvaltning og planlegging av landskap. Vi minner om at framtidig bygg bør underrette seg områdets landskap, utforminga av nye bygg og alpinbakkar bør av den grunn ikkje virke sjenerande for landskapet. Fortetting av fritidsbustadar må ikkje skje på bekostning av landskapskvalitetar. Tiltaket vil medføre vesentlege terrenginngrep. Vi ber om at inngrep gjerast på ein mest mogleg skånsam måte, slik at man unngår unødvendige negative landskapseffektar. Vi syner til uttala frå klima og energi over, og gjentar viktigheita av varetaking av myromåda, at det vert nøye vurdert i	Det er gjort arkeologiske undersøklser som resulterte i 8 nye fredet kulturminner, disse hensyntas og vil ikkje påvirkes.

	konsekvensutgreiinga og omsynet til varetaking av myr blir beskriven i planomtala. I september 2022 kom det ein ny, revidert rettleiar om planlegging av fritidsbustader frå kommunal og distriktsdepartementet. I innleiinga går det frem at målet er å bidra til ei planlegging av fritidsbustader som er meir berekraftig, ved at mellom anna lokal verdiskaping, og miljøomsyn blir følgt opp på ein god måte. I rettleiaren går det frem at utbygging av fritidsbustader påverkar utsleppet av klimagassar. «Dette er knytt til nedbygging av skog og myr som gjev utslepp av klimagassar, og reduserte utsikter til framtidig CO2-opptak». Der er ei viktig oppgåve for kommunane, som planstyresmakt, å vurdere og avvege dei ulike konsekvensane av hyttebygging, for å få til ein framtidsretta og berekraftig hytteutvikling i kommunen. Vi anbefal regionalt planforum så raskt som mogeleg i planprosessen.	